Fjord kommune

Kommunestyresalen Valldal

06.02.2025

Møte med brøytarane. (Oppsummering)

Deltakara: Stian Tafjord, Leidulf Tafjord, Arild Eide, Kristian Indreeide, Aslak Klempe, Audun Walle, Magne Almstad, Øyvind Hoel, Håvard Sunde, Arnfinn Støversten, Nils Dagfinn Berli, Johan Arnt Overøye, Leif Magne Vad og Daniel Vad.

Fjord kommune: Trond Alstadsæter, Yngve Hovden og Freddy Hanssen

Brøytarane har i brev datert 22. og 31.januar i år bedt om et møte med Fjord kommune for å få avklart en del punkt vedk. bruk av GPS-flåtestyring og fakturagrunnlag for utført brøyting.

Det er litt diskusjon rundt bruken av GPS-flåtestyring. Brøytarane er positive til å ta ibruk dette systemet, men det er ulike oppfatningar av kva som skal være fakturagrunnlag.

Betelo mLogg er tatt i bruk, og etter litt utfordringar i starten så har no alle brøytarane fått installert mLogg på sine mobiltelefonar/nettbrett. På møtet vart problemstillingar omkring bruk av systemet diskutert. Her er det særs viktig å lese og bruke bruksanvisninga frå Betelo slik at forutsetningane for god logging av brøytetiltaka vert utført.

Ein av brøytarane opplever at GPS-signala på enkelte områder ikkje er like gode. For å kvalitetssikre dette må ein ta ein felles test på roda i dette høve.

Ellers så var det på møte behov for å få oppklart korleis tida i Effektiv tid kolonna i rapporten vart utrekna. Brøytarane stilte spørsmål til at Varighet og Effektiv tid ikkje samsvarer.

På møtet vart dette opplyst om overståande forhold:

I perioderapportane er det 3 kolonner for tid. Det er **Tid, Varighet og Effektiv tid.**

Tid: oppdrag start, til oppdrag slutt.

Varighet: fra første tidsposisjon i brøyteroda, til siste tidsposisjon i brøyteroda.

Effektiv tid: tida mobiltelefon/nettbrett er i bevegelse i roda, minus pausing, og om du kjører utanfor brøyteroda.

Det er svært viktig å avslutte oppdrag på mobiltelefon/nettbrett når oppdraget er ferdig utført!

Fjord kommune

Kommunen viser på nytt til: **«Brukerveiledning for Entreprenørside og sjåfører»**

På side 2 og 3 er det gitt ei forklaring på det som viser i rapporten for utførte oppdrag.

Brukarfeil / «feil» i rodekart/område vert tatt opp og revidert på 1 til 1 møter med den enkelte UE.

Dette p.g.a. at kvar rode har sine individuelle utfordringar som må løysast.

Ellers så vart det opplyst på møtet om at ein må bruke kommentarfeltet, eller avviksfelt dersom ein finn at noko er feil med eit tiltak. Oppdragsgjevar kan slik kontakte brøytar for å få retta opp feila slik at fakturagrunnlaget vert rett.

På møte vart og pausefunksjonane og rett bruk av desse gjennomgått. Rett bruk gjer at logging vert korrekt, til dømes om brøytar treng ein pause i arbeidet.

Utdrag frå presentasjon knytt til pauser:

Vi har tre forskjellige pausefunksjoner. Under finner du en beskrivelse av de.

1. **Hard Pause:** Sjåføren kan sette oppdraget og sporing på pause ved å gå ut av oppdraget uten å avslutte det. Sjåføren vil da ikke vises i kartet, ingenting blir registrert under pausen. Når sjåføren går inn i oppdraget igjen, vil sporingen av oppdraget gjenopptas.
   Viser på varighet, men blir trekt ifra på effektiv tid.
2. **Soft Pause**: Sjåføren kan sette oppdraget på pause ved å trykke på det oransje pausikonet i appen (**se bilde**). Sporloggen til sjåføren vil fortsatt være synlig i kartet, men registreringen av tid stopper midlertidig. Når sjåføren avslutter, vil tidsregistreringen fortsette der den slapp.
   Brukes på små oppdrag utenom kommunalt område. Viser på varighet, men blir trekt ifra på effektiv tid.
3. **Automatisk Pause:** Hvis sjåføren står stille eller beveger seg på et lite område i mer enn 5 minutter, vil det markeres som en pause i sporloggen. Når sjåføren begynner å bevege seg igjen, fortsetter loggføringen som normalt.
   Blir ikke automatisk trekt ifra på varighet og effektiv tid.



Fjord kommune

Her har kommunen ein dialog med mLogg om at programmet blir betre lagt til rette for kommentarar knytt til pause-funksjon, samt at type automatiske pauser over 5 minutt blir gjort om til «soft pause».

Det blir sendt ut meir informasjon når dette er avklara.

Etter forklaring på ymse problemstillingar var møtet samd i at Effektiv tid fra mLogg er korrekt å bruke som fakturagrunnlag. Viser på nytt til felles «oppklaringar» i 1 til 1 møta på dei forskjellige rodene.

Ellers så viste kommuna til at lista på brøyting/strøing so langt ligg vesentlig høgare enn kva ein kostnadsmessig har dekning for. Det vert aktuellt å sjå på tiltak for å kunne justere brøyteaktiviten ned på rett nivå i denne samanheng.

Aktuellt å diskutere på møta med kvar enkelt brøytar i denne samanheng kan vere:

- Antall samtidige enheter i drift på samme rode.
- Når skal vi brøyte?
- Når skal vi strø?
- Kva sideareal skal brøytast, hyppigheit?
- Mm.

På spørsmål om resetting av brøytestikker, so ønskjer kommunen å verte kontakta først, før ein gjer noko i denne samanheng.

Det vart elles på møtet ikkje lagt skjul på at det har vore ein del oppstartsproblem. Opplæring i bruk og forståelse av mLogg kunne med fordel og ha vore betre. Møte var positive til at dette kjem "meir og meir» på plass, og alle er samde om at ein skal få til dette slik at grunnalget for faktura vert så korrekt som mulig for alle parter.

Møte var og samde om at det årleg skal haldast felles evalueringsmøte for å lære av feil ein har gjort, ting ein kan gjere betre.

Ref:

Yngve Hovden, Freddy Hanssen og Trond Alstadsæter